

# MÆRE-JUBILEET 2021



Figur 1. Foto: Mildrid Myrvang.



**MÆRE 2021**



## Innhald

Innhald.....	2
Forteljinga om Mære.....	3
1. Ei tusenårs markering blir til .....	4
1.1 Oppstart.....	4
1.2 Organisering .....	5
1.4 Premiss for innhaldsskapning .....	5
1.5 Økonomi .....	6
2. Undergrupper.....	6
2.1 Jubileumsklar kyrkje?.....	6
2.2 Åpen dag ved Mære landbrukskole .....	7
3. Sentrale aktørar.....	8
3.1 Stiklestad Nasjonale Kultursenter og Egge museum.....	8
3.2 Mære kyrkje .....	8
3.3 Sparbu historielag.....	9
3.4 Steinkjer bibliotek.....	9
4. Dei største prosjekta.....	9
4.1 Olavs illgjerning på Mære .....	9
4.2 Jubileumsgudsteneste .....	10
4.3. Mære 1021 - 2021 .....	11
5. Jubileumsåret .....	12
6. Resultat og konklusjon .....	21
7. Oppsummering i tabell .....	22



## Forteljinga om Mære

I 2021 er det tusen år sidan overfallet på Mære. Olav Haraldssons brutale oppgjer med norrøn religion og regional høvdingmakt i 1021, har blitt ståande som eit av merkeåra for kristninga av Noreg og for etableringa av det norske riket. Samtidig vart drapet på den maktige Olve på Egge ein sentral del av opptakta til slaget på Stiklestad.

Hendinga i 1021 starta da Olav Haraldsson fekk høyre at Olve på Egge, høvdingane sin leiar i Trøndelag, stelte i stand til blot på Mære ved vårjamdøgn. Blot var ein norrøn skikk som Olav ikkje ville tillate i det kristne kongedøme sitt. At Olve likevel følgde den gamle skikken, vart sett på som eit religiøst og maktpolitisk opprør med ein tydeleg bodskap: dei trønderske høvdingane let seg ikkje diktere av kongen. For kongen vart blotet ei anledning til å ta eit symboltungt oppgjer med dei som motsette seg styre hans på eit av dei viktigaste religiøse sentra i Trøndelag. Olav sat på Lade og fekk samla fleire skip for å legg til innover fjorden. Da kongshæren kom til Mære, vart bøndene overrumpla medan dei sov. Olve vart tatt av dage, og kongen befalte bøndene å bygge kyrkje på staden. Frå no av skulle alt folket i Trøndelag vere døypt og kristna. Sjølv om kongens siger var stor, skulle den vise seg å vera dyrkjøpt: ut av blotet på Mære i 1021 vaks ein motstand som vart avgjerande for Olavs fall i 1030.

Mære har vore eit mакtsenter i over 1000 år. Sjølv om den sikre kunnskapen er liten, syner både arkeologiske utgravingar og historiske kjelder at her har folk vore samla til religiøse ritual lenge før hendingane i 1021. Med bygginga av kyrkje skulle denne tradisjonen fortsette, heilt fram til vår eiga tid. Jubileet i 2021 er difor ei unik sjanse til å dykke ned i ein meir enn tusenårig tradisjon knytt til store spørsmål om makt og symbol, religion og tru, kulturelle endringar og identitet, og i forlenginga av det: dei mange forteljingane i samfunnet.



## I. Ei tusenårs markering blir til

I Steinkjer kommunestyremøte den 18. desember 2019 fremma leiaren for partigruppa i Senterpartiet, Anne Berit Lein, ein interpellasjon: 1000–årsjubileet for slaget på Mære – 1021 – 2021. Her sto det:

*Vi går straks inn i 10-året som leder til 1000-årsjubileet for Slaget på Stiklestad. Allerede i 2021 er det 1000-årsjubileum for Slaget på Mære. Midtsommers i 1021 skjedde det som skulle bli det helt vesentlige bakteppet for slaget på Stiklestad, Kongen, Olav Haraldsson kommer med hæren sin inn Beitstadfjorden til Mære, og dreper Olve Grjotgardsson, Olve på Egge. Forfatter, statsviter og historiker Torgrim Titlestad har vært tydelig, - uten Olve på Egge hadde det aldri vært noe slag på Stiklestad. Det var drapet av Olve i 1021 og sønnene i 1026 som var bakteppet for Slaget på Stiklestad. Titlestad mener at Olve Grjotgardsson på Egge er selve definisjonen på de politiske og religiøse tradisjonene i Trøndelag. Trøndelag var opposisjon-fylket som sto sterkt økonomisk og hadde sin egen lov og orden. Trøndelag hadde suverenitet over egne landområder og ressurser til å utvikle egen kultur. Trøndelag hadde ikke behov for Olav Haraldssons kristendom og politiske revolusjon. Det va da Olve på Egge sto fram som en legitim opprører mot kongens makt. Det aktuelle ti-året er vesentlig for Norgeshistorien, og det forteller mye om trøndersk kultur, identitet og tradisjoner. 1000-årsjubileene i det kommende tiåret har potensiale til å sette historien, Trøndelag, Innherred, Stiklestad, Mære og Egge tungt på kartet.*

*Spørsmål til ordføreren:*

1. Ønsker ordføreren at 1000-årsjubileet for slaget på Mære skal markeres?
2. Tenker ordføreren at de forestående 1000-årsjubileene bør ses i en større sammenheng fram mot 2030?

Eit einstemt kommunestyre vedtok å sende forslaget over til formannskapet utan realitetsbehandling i kommunestyret.

*Ut fra Mære sin historiske betydning, og den konkrete hendelsen sin betydning for hva som hendte i 1030, er det viktig at 1000-årsjubileet markeres i 2021. Dette bør gjerne skje i en større regional sammenheng. Kommunedirektøren bes ta kontakt med Egge museum og andre relevante aktører, og komme tilbake med en sak om dette til Hovedutvalg for Oppvekst og kultur.*

### 1.1 Oppstart

Det vart frå kultursjef Leif Terje Nilsen annonsert oppstart til eit jubileum med idémyldring i rådhussalen på vårparten 2020. Covid 19-pandemien sette ein stoppar for aktivitetar der folk kunne samlast, noko som var ein viktig føresetnad for å komme i gang med prosjektet og få det forankra.

Den 2. juli 2020 fekk vi gjennomført det innleiande møte for markeringa Mære 2021 i Weidemannsalen Steinkjer rådhus. Over 20 deltararar som til saman representerte eit ti-tals ulike lag og foreiningar i kommunen deltok, - med god avstand og smittevernstiltak.

Prosjektleiar for nasjonaljubileet 2030, Borghild Lundebj, Stiklestad Nasjonale Kultursenter (SNK), presenterte jubileumsplattformen for «Nasjonaljubileet Noreg i tusen år», og sette markeringa av hendingane på Mære inn i eit nasjonalt perspektiv. Fagleiar forvaltning og konservator ved SNK, Bodil Østerås, ga ein kort historietime om hendingane som skulle ha



skjedd på Mære i 1021, og korleis dette heng saman med høvdingsetet på Egge og slaget på Stiklestad.

Deltakarane vart så sett i kohortar som arbeidde med idear til kva ei 1000 års markering om Mære kunne innehalde og vere. Møtet enda med at det vart sett ned ei arbeidsgruppe under leiing av kultursjefen med kulturkonsulenten som sekretær.

## 1.2 Organisering

Markering Mære 2021 – arbeidsgruppa, ofte omtala som «Jubileumskomiteen» har bestått av:

Leif Terje Nilsen, leiar	Kultursjef Steinkjer kommune
Bodil Østerås	Stiklestad Nasjonale Kultursenter
Gunnar Thorsen	Politikar AP og Stiftelsen Egge museum
Tine Jøhnk	Sokneprest i Den norske kyrkja
Inge Olav Nøvik	Sparbu Historielag
Eli Røflo Vaadal / Anne Lein Kristiansen	Mære Sokneråd
Lars Myhr Sandlund	Politikar SP
Ingvild K. Johnsen	SNK Egge museum
Christine Agdestein	Politisk vara
Tone Fossan Ertsås	Sekretær

Arbeidsgruppa har gjennomført 12 møter mellom 1. september 2020 – 8. november 2021. Hovudoppgåvene til gruppa har vore å skape innhald i jubileet, ha den totale oversikten over alle markeringar i samband med jubileet, stimulere til engasjement gjennom informasjon og økonomi, koordinere undergrupper og presenterer programmet digitalt.

## 1.4 Premiss for innhaldsskapning

Markering Mære 2021 – arbeidsgruppa hadde føljande mål for jubileet:

- Ei brei involvering med jubileumsmarkeringar fordelt utover heile året
- Delar av programmet skulle vere retta mot barn
- Utarbeide eigen logo for Mære-jubileet, samt bruke logoen til Norge i tusen år i marknadsføringa
- Kronikkar i avisar



- Ei større jubileumshelg på Mære
- Festgudsteneste mot slutten av jubileumsåret
- Oppdatert arrangementskalender på heimesida til Steinkjer kommune

## 1.5 Økonomi

Steinkjer kommune sette av ei pott på 200 000 kr, og var initiativtakar opp mot Trøndelag Fylkeskommune (TRFK) om ein felles søknad til jubileet som vart imøtekome med kr 200 000. Av denne potten kunne dei ulike jubileumstiltaka i kommunen søke støtte. Det kom inn i overkant av 10 søknadar med budsjett.

Fleire arrangement vart gjennomført utan økonomisk støtte. Da var eigeninnsatsen til den enkelte initiativtakar eit bidrag til jubileet, der arrangøren fekk dra nytte av logoane i sin marknadsføringa. Enkelttiltak kunne også søke direkte til TRFK. Midlane frå Steinkjer kommune og Trøndelag fylkeskommune er fordelt, men ut over desse 400 000 er det vanskeleg å seie kor mykje pengar og eigeninnsats i form av personressursar som har gått med for å markere Mære-jubileet 2021.

## 2. Undergrupper

Alle arrangement, og dei som har bidratt til innhald, har arbeidd i eigne undergrupper, men spesielt to har rapportert direkte til arbeidsgruppa:

### 2.1 Jubileumsklar kyrkje?

Denne gruppa har bestått av:

Gunnar Thorsen, leiar	Politikar AP, hovudutval oppvekst og kultur
Tine Jøhnk	Den norske kyrkja
Bodil Østerås	Stiklestad Nasjonale Kultursenter
Geir Ness	Mære Sokneråd
Oddleiv Gulstad	Steinkjer kyrkjelege fellesråd
Torbjørn Millerjord	Steinkjer kyrkjelege fellesråd



«Jubileumsklar kyrkje?» har hatt 11 møter frå januar til november 2021. Her har det vore gjennomført mange små og store samarbeid for å få Mære kyrkje rusta opp og klar for den store festgudstenesta 21. november 2021. Alt frå lokale dugnadskrefter til biskop og riksantikvar har vore involvert. Lysgloben er lodda og tårnet har fått to strøk med tjære. Driftsoppgåver, eksternt finansierte oppgåver, dugnadsarbeid, restaurering og utstillingar er koordinert gjennom gruppa. Jubileet vart eit påskot for å få framskynda tiltak som uansett skulle ha vore gjennomført, - og enno litt til.



Figur 2. Biskop Herborg Finnset og sokneprest Tine Jøhnk i den "nye" bispestolen fra 1500-talet, restaurert av Kai Johansen.  
Foto: Bodil Østerås.

Vi vil framheve restaureringa av bispestolen frå 1500-talet, som handverkar Kai Johansen restaurerte etter gammal handwerkstradisjon. Dette vart gjort i samarbeid med SNK og Riksantikvaren, med økonomisk støtte frå Steinkjer kyrkjelege fellesråd. Vi fekk også tatt i bruk ei nisje i korveggen til utstilling av Frederik IIIs bibel frå 1588. Ny altarduk vart ferdig til biskop Herborg Finnset kom på festgudsteneste 21. november. Duken er brodert av Jorid Skevik.

## 2.2 Åpen dag ved Mære landbrukskole

Det var mange som samarbeida om å få gjennomført *Åpen dag ved Mære landbrukskole*. Frå arbeidsgruppa var det i utgangspunktet Inge Olav Nøvik, Anne Lein Kristiansen, Tine Jøhnk og Lars Myhr Sandlund som drog i gang initiativet. Dette skulle vere den store jubileumshelga i mai 2021. Pandemien sette ein stoppar for dette, men arrangementet vart gjennomført 18.–19. september 2021.



Figur 3. Åpen dag ved Mære landbrukskole.  
Foto: Hilde Følstad.

Dagen hadde mange element og innslag som vart arbeidd fram kvar for seg, men som til saman ga oss ei innhaldsrik helg. 70 lærarar og 160 elevar ved skolen sørger for ulike aktivitetar. Det var open kantine og matservering/sal i parken. Skolen setter saman ein enkel meny av gamle matrettar, som vart laga og selv både inne og ute.

Mære sanitetslag, Sparbu bygdekvinneleg, Matnavet på Mære og kjøkkenet på Mære serverte tidsriktig mat som vikingsuppe frå jarngryte og flatbrød. Lokale matprodusentar, 4H og andre lokallag var utstillarar.



Sparbu historielag sto ansvarleg for hovudattraksjonen, teateroppsettinga *Olavs illgjerning på Mære*.

SNK hadde ulike omsyningars i Mære kyrkje heile dagen og på søndag var det gudsteneste som ein del av jubileumsprogrammet. Totalt var opp mot 3 000 menneske innom Mære i løpet av jubileumshelga.

### 3. Sentrale aktørar

Før vi presenterer det fullstendige jubileumsprogrammet er det tre aktørar som får litt ekstra plass. Desse har bidratt på fleire område inn i jubileet, og har plassert tusenårsmarkeringa i sine handlingsplanar som ein del av sitt utviklingsarbeid ved sin institusjon.

#### 3.1 Stiklestad Nasjonale Kultursenter og Egge museum

For det lokale og regionale museet, har 1000 års markeringa på Mære vore ei viktig brikke i opptakten til det nasjonale jubileet i 2030. Museet starta arbeidet med Mære lenge før ei kommunal jubileumsgruppe var på plass, men det var naturleg at museet vart ein aktiv ressurs inn i jubileumsarbeidet.

Den økonomiske støtta frå kommunen vart avgjerande for å få til det omfattande jubileumsprogrammet. Her var satsinga mot barn og unge tydeleg, og vi vil spesielt trekke fram utviklinga av to opplæringsprogram inn i Den Kulturelle Skolesekken (DKS) for 1. og 7. trinn.

Ei ny utstilling ved Egge museum, *Fantes det drager i vikingtida?*, vart opna til sommarsesongen, og ei temporær utstilling, *Gullgubbane frå Mærin*, sto frå sommar til jul. Begge tok for seg tema for 1000 år sidan. Museet fekk også vidareutvikla eit allereie påstarta forskingsprosjekt, gjennom at boka «MÆRE 1021 – 2021» vart lansert mot slutten av jubileumsåret.

#### 3.2 Mære kyrkje

Den norske kyrkja, Steinkjer kyrkjelag fellesråd og Mære sokneråd deltok i fleire komitear og brukte mykje tid og ressursar inn i jubileet. Ikkje minst vart Mære kyrkje brukt flittig som arena for mange arrangement gjennom heile året.



Sjølv om ikkje alle planar let seg gjennomføra, vart eit eige kyrkjeprogram gjennomført åleine eller i samarbeid med andre. Kyrkja var naturleg nok tungt inne i komiteen for *Jubileumsklar kyrkje?*, og gjennom dette samarbeidet vart det lagt ned mykje arbeid i jubileumsåret utover dei enkelte kyrkje-arrangementa.

Mære sokneråd er og ein del av kyrkja sitt engasjement, og ikkje ubetydeleg dugnadsinnsats er lagt ned og organisert gjennom det lokale soknerådet.

### 3.3 Sparbu historielag

Sparbu historielag er ein rein frivillig organisasjon. Dei var først og fremst tungt involvert i hovudarrangementet med *Åpen dag ved Mære landbrukskole*, og da spesifikt med teateroppsettinga «Olavs illgjerning på Mære». I tillegg sökte dei om støtte til eit samarbeidsprosjekt med Egge museum om historisk skilting av toppturar i Sparbu. Begge prosjekta vart gjennomført på ein solid måte.

### 3.4 Steinkjer bibliotek

Steinkjer bibliotek sat ikkje i arbeidsgruppa, men tok til seg ballen med jubileum og skapte sitt eige Mære 2021 – program. Eit godt døme på korleis eit jubileum kan vere katalysator som skaper engasjement og bidrar til at fleire målgrupper får ta del i markeringa.

Gjennom heile jubileumsåret formidla Steinkjer bibliotek smakebitar frå samfunnet på Innherred 1000 år tilbake i tid. Gjennom inviterte gjestar, boktips, skildringar frå dagligliv og samfunnsliv, og ved å hente inn historikarar vart biblioteket ein arrangementsarena som løfta fram korleis dei historiske kjeldene har blitt til, formidla og tolka.

## 4. Dei største prosjekta

Jubileumsaktiviteten i kommunen har vore stor, men tre prosjekt fortener litt fyldigare omtale enn resten.

### 4.1 Olavs illgjerning på Mære

Som en del av prosjektet Noreg i tusen år – Nasjonaljubileet 2030 vart Sparbu historielag bedt av Steinkjer kommune om å produsere eit tablå for å markere at det i 2021 er 1000 år sidan Olav Haraldsson kom til Mære og drap Olve på Egge.



Sparbu historielag tok kontakt med Roar Tromsdal og spurte om han kunne tenke seg å skrive og regissere tablået. Tromsdal var ikkje tung å be og begynte å skrive på det som skulle bli et lite spel på 45 minutt. Sparbu historielag med leiar Inge Olav Nøvik som prosjektleiar, etablerte produksjonsapparatet. Lars Harald Daling tok på seg jobben som produksjonsleiar.



Figur 4. Olavs illgjerning på Mære. Foto: Hilde Følstad.

Skodespelarane var handplukka frå det rike amatørteaterlivet i det gamle Sparbyggjafylket, med statistar frå Egge Vikinglag, Vedrar Vikinglag og Norsk Hærmannsforbund. Mære Landbrukskole stilte spellass til disposisjon og viste stor velvilje under heile prosjektet.

Urframføringa ved Bedehaugen på Mære under *Åpen dag ved Mære landbrukskole* den 18. september (to førestillingar same dag) vart godt mottatt av både publikum og presse. Ca 900 publikummarar opplevde kampen mellom Olve Grjotgardsson og Olav Haraldsson, både den fysiske og ikkje minst kampen mellom dei to om kva for tru, seder og skikkar som skulle få ráde i Inntrøndelag.

#### 4.2 Jubileumsgudsteneste

Biskop Herborg Finnset takka tidleg ja til å delta i ei jubileumsgudsteneste i Mære kyrkje 21. november 2021. Det var tilsette i Den norske kyrkja, først og fremst ved kantor Liv Marit Valle og sokneprest Tine Jøhnk, som sto for innhaldsskapninga.



Figur 5. Jubileumsgudsteneste i Mære kyrkje. Foto: McLein Anne Lein Kristiansen.


Med musikalsk tema frå olsok skapte Sparbu hornmusikklag, Mære songlag og Sparbu songlag ei magisk stemning. Jorid Vorum var solist på fiolin, og var med å heva salmesongen. Med ein biskop på prekestolen, og ikkje minst etter ein gong ein biskop i den restaurerte bispestolen, sette ting i historisk perspektiv.

Kyrkjekaffi på landbrukskolen med takketalar og god mat sette punktum for ei verdig høgtidsstund.



#### 4.3. Mære 1021 - 2021

Mære har vore eit maktsenter i over 1000 år. Arkeologiske utgravingar og historiske kjelder syner at her har folk vore samla til religiøse ritual lenge før kong Olav Haraldsson drap Olve på Egge under eit blot på Mære i 1021. Med bygginga av kyrkje skulle denne tradisjonen fortsette, heilt fram til vår eiga tid. Jubileet i 2021 utgjorde difor ei unik sjanse til å dykke ned i ein meir enn tusenårig tradisjon knytt til store spørsmål om makt og symbol, religion og tru, kulturelle endringar og identitet, og i forlenginga av det. Dei mange forteljingane i samfunnet.



Figur 6. Bokomslaget på boka "Mære 1021-2021". Illustratør: Lars Lilleby Macedo.

Boka *Mære 1021-2021* er basert på foredragsrekka «Mæreseminaret» der sju forskrarar frå seks ulike forskingsinstitusjonar i Trøndelag har stilt ulike spørsmål rundt hendingane på Mære. Publikum har deltatt på vrimleseminar der spørsmål ved Mære som symbolstad og religiøst senter har blitt diskutert, og problemstillingane har ført til vidare undersøkingar som enda opp i bokform.

Forfattarar: Geir Grønnesby, Vitenskapsmuseet, Margrethe Stang, NTNU, Merete Røskift, Det kongelige norske videnskabersselskab, Øystein Ekroll, Nidarosdomens restaureringsarbeider, Lars Forseth og Helle Vangen Stuedal, Trøndelag fylkeskommune og Bodil Østerås, SNK. Sistnemnde var også redaktør. Boka er utgitt på Embla Akademisk.



## 5. Jubileumsåret

### Januar

	<p>Anne Berit Lein, som i desember 2019 fremma ein interpellasjon på vegne av Senterpartiet, var no ordførar. Den 14. januar 2021 slo ordføraren an tonen for 1000 års jubileet på Mære med ein kronikk i Trønder-Avisa som sette jubileet inn i eit historisk perspektiv. «1000-årsjubileum for drapet på Olve- og Mære som møteplass».</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### Februar

	<p>Det var pandemi, og målet til arbeidsgruppa om å lansere eit program ved starten av året, let vente på seg. Planlagde arrangement måtte utsettast pga. strenge statlege restriksjonar, og det var vanskeleg å legge langsiktige planar. Gruppa arbeidde med å etablere ei landingsside for jubileet som synleggjorde arrangementa, og utarbeiding av logo.</p>
------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### Mars

 <p>Figur 7. Jubileums-programmet presentert. Trønder-Avisa 04.03.2021. Foto: Heidi Stiklestad.</p>	<p>2. mars fekk vi gjennomført pressekonferanse om jubileumsprogrammet. Programmet vart liggande som eigen fane «Mære 2021» på heimesida til <a href="https://www.steinkjer.kommune.no/">https://www.steinkjer.kommune.no/</a> I tillegg brukte vi «Hva skjer i Steinkjer» og plattformane til alle deltakarane som visningssider. Presseomtale i Trønder-Avisa 4. mars.</p>
----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



	<p>Det var elevar ved medie- og kommunikasjon ved Steinkjer vidaregåande skole som saman med SNK arbeide med logoforslaget. Vinnaren vart Julian Vesterdal med stilisert motiv av detalj frå klokkarstolen frå 1500-talet som står i Mære kyrkje. Logoen vart presentert i Steinkjer-Avisa 3. mars.</p>
	<p><i>Figur 9. Salmekveld i Mære kyrkje. Foto: Berit Bjerkem.</i></p> <p>7. mars vart det første offisielle arrangementet gjennomført. Det var <i>Salmekveld i Mære kyrkje</i>, som var eit samarbeid mellom prest, kantor og Mållaget Sparbyggjen. Mellom salmane var det korte historiske foredrag.</p>
	<p><i>Figur 10. Foto frå filmen "Sterke kvinner i Sparbu". Film: Camerat.</i></p> <p>Kvinnedagen vart markert med ei digital samtale mellom Anne Irene Myhr, leiar i Sparbu bygdekvinnelag og Bodil Østerås, fagleiar forvaltning og konservator ved Stiklestad Nasjonale Kultursenter. Tema var kvinner i Sparbu for 1000 år sidan. Samtala vart vist på heimesida til Sparbu bygdekvinnelag og er også å finne her:  <a href="https://player.vimeo.com/video/520022619">https://player.vimeo.com/video/520022619</a></p> <p>I løpet av året er denne filmen opna 3 100 gonger.</p>
	<p>Gjennom sitt mandat som medlem av arbeidsgruppa for jubileet var Bodil Østerås frå SNK hyra inn til å halde foredrag om Mære 2021 ved årsmøtet til Sparbu Historielag på Heistad grendehus den 24. mars.</p>

## April

Ingen arrangement.



## Mai

 <p><i>Figur 11. Treskjærarkunst i norrøn stil. Foto: Anne Hulbækdal.</i></p>	<p>I mai månad var eit utval av koppmakar Nils Trana sine forsegjorte arbeider å sjå i biblioteket. Nokre av arbeida har inspirasjon frå figurar som utsmykkar Mære kyrkje.</p>
 <p><i>Figur 12. Lesestund med vikingtema. Foto: Steinkjer bibliotek.</i></p>	<p>Barnehagebarna fekk den 6. mai høyre historia om Albin Viking ved Steinkjer bibliotek. Dei fekk tilpassa formidling av gravfunnet, som vi trur kan vere Trond Haka si båtgrav på Egge, og nærekontakt med ein kopi av eit vikingsverd som i 1982 kom fram i lyset frå denne grava. Forteljaren var kledd i ekte vikingskrud. Verdifullt samarbeid med Egge Museum og Egge Vikinglag.</p>
 <p><i>Figur 13. Vikingverkstad med -quiz. Foto: Anne Hulbækdal.</i></p>	<p>7.mai var det <i>Vikingverkstad og -quiz</i> på biblioteket. Dei besøkande laga eigne bilete med vikingskip, der dei brukte alt frå 3-D- skrivar til vassfargar.</p>
	<p>Steinkjer-Avisa hadde pressedeckning på dagane med vikingverkstad ved Steinkjer bibliotek den 14. mai. Folk i alle aldrar hadde deltatt, frå 2 til 70 år. Biblioteket takka for samarbeidet med Egge museum, Egge vikinglag og Mære 2021.</p>





Figur 15. Sesongopning Egge museum. Foto: Maiken Lien Jørgensen.

20. juni var det opning av sommarsesong ved Egge museum. Direktøren i SNK sto for opninga, ordførar held tale og prosjekteiar for 2030 kom med olavsflammen frå Stiklestad. Olavsflammen vart tent med olsokbålet på Stiklestad 29. juli 2020 og har brent sidan. Den har fått mange avleggarar rundt om i landet.

## Juni



Figur 14. Lesestafett på Vekreshaugen. Foto: Berit Bjerkem.

Bagabu ungdomslag i Henning arrangerte Midtsommerhelg med aktivitetar på Vekreshaugen 19. – 20. juni. Det var festprogram, pynting og reising av maistong og friluftsgudsteneste. I tillegg var det ein kontinuerleg lesestafett der 35 menneske deltok, og som etter tur og orden las seg gjennom Olav den heilage si saga i Snorre Sturlassons Heimskringla.

## Juli



Mære 2021 var godt synleg på Olsokprogrammet på Stiklestad. Det vart pussa på eit tidlegare konsept med namnet «I bondehærens fotspor» som vart ein sykkeletappe frå Mære til Stiklestad om historiske stader den 29. juli. Den digitale samtala frå 8. mars var på olsokprogrammet den 30. juli.

## August



Figur 16. Vikingan på Mære, DKS 1. trinn. Foto: Mildri Austmo Ryan.

Veke 34 og 35 tok Egge museum imot alle førsteklassingane i Steinkjer kommune gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS). Konseptet Vikingan på Egge vart endra til *Vikingan på Mære*, og tilpassa jubileet. Tilbodet vart gjennomført på Mæreshaugen, ute og inne i kyrkja. Elevane undra seg mellom anna på kva for historier maskene i taket skulle fortelje?



## September

 <p>Figur 17. Mære 2021, DKS 7. trinn. Foto: Mildri Austmo Ryan.</p>	<p>Veke 40 og 41 tok Egge museum imot alle på 7. trinn i Steinkjer kommune gjennom DKS. Museet utarbeidde eit heilt nytt pedagogisk tilbod spesielt retta mot 1000 års jubileet Mære 2021. Gjennomført på Mæreshaugen, inne i kyrkja og utanfor.</p>
 <p>Figur 18. Foto: FB-side til Egge museum.</p>	<p>I samband med forskingsprosjektet som SNK sette i gang i 2019 vart det gjennomført ei seminarrekke både i 2020 og 2021 fram til lansering av boka <i>MÆRE 1021 – 2021</i>. På <i>Mæreseminaret</i> vart forskarane som forfatta boka presentert med sitt arbeid. 14. september: Merete Røskaft og Geir Grønnesby.</p>
	<p>15. september var det årsmøte i Egge Historielag og Bodil Østerås frå arbeidsgruppa var hyra inn for å halde foredrag om Mære 2021.</p>
 <p>KULTUR Alt klart for spelet om 1000-årsmerkingen på Mære m</p>	<p>17. september var det stort oppslag på kultursida i Trønder-Avisa om den store 1000 års markeringa til helga.</p>
 <p>Figur 19. Olavs ildgjerning på Mære. Foto: Anne Berit Lein.</p>	<p>18. september gjekk hovudarrangementet av stabelen med <i>Åpen dag på Mære landbrukskole</i> og framføring av <i>Olavs ildgjerning på Mære</i>. I tillegg var det framsyning av dyr, servering av historisk mat, gaiding i kyrkja og mykje meir!</p>



	<p>Trønder-Avisa ga ei god anmeldelse av <i>Olavs illgjerning på Mære</i> den 20. september.</p>
	<p>I etterkant av det store arrangementet, den 27. september, kom SNK med eit artikkel i Trønder-Avisa som tok for seg kva eit jubileum kan bety for eit samfunn «Relevans gjennom 1000 år». Forfattarar: fagsjef i SNK Hanna Mellemsether og fagleder forvaltning Bodil Østerås.</p>
	<p>28. september var det duka for eit nytt <i>Mæreseminar</i>. Denne gongen på Egge museum med Lars Forseth og Bodil Østerås.</p>
 <p>Figur 20. Bokbad med Jan Ove Ekeberg. Foto: Steinkjer bibliotek.</p>	<p>Jan Ove Ekeberg, forfattar av den historiske spenningsserien «Den siste vikingkongen», bygd over livet til Olav sin veslebror Harald Hardråde, var på Steinkjer bibliotek og snakka om tidsalderen, bøkene sine og om Sigrid og kvinner i norrøn tidsalder den 30. september.</p>

## Oktober

	<p>5. oktober var Bodil Østerås frå arbeidsgruppa i Henning sanitetshus og held foredrag om Mære 2021.</p>
	<p>Den 8. oktober fortalte Trønder-Avisa at det ville bli vikingverkstad ved Steinkjer bibliotek og Egge museum i haustferien.</p>



 <p><i>Figur 21. Høstferie på biblioteket og Egge museum. Foto: Maiken Lien Jørgensen.</i></p>	<p><i>Høstferie på biblioteket og Egge museum 11. – 15. oktober.</i> Museet hadde fokus på vikingtid denne veka med demonstrasjon av handverk og svarte på mange spørsmål som folk lurer på om vikingtida. Saman med biblioteket var det lesestund for dei minste og vikingverkstad. Samarbeid med Egge- og Vedrar vikinglag.</p>
	<p>Nasjonalt nettverksseminar Nasjonaljubileet – NORGE I TUSEN ÅR vart gjennomført på Hundorp 20. – 21. oktober. Ein post på programmet var «Erfaringer fra årets jubileer», der Mære og Hundorp hadde kvar sin bok. Deltakarane på seminaret representerte 26 ulike institusjonar frå heile Noreg.</p>
	<p>26. oktober vart det siste <i>Mæreseminaret</i> gjennomført i Mære kyrkje. Med Margrethe Stang og Helle Vangen Stuedal.</p>


## November

	<p>I «Kyrkje og samfunn» nr 2/2021 sto det ein artikkel om MÆRE 2021, og om den kommande boka MÆRE 1021–2021.</p>
	<p>Innslag på Midtnytt 17. november. Markerer 1000 år sidan drapet på Olve.</p>



	<p>Komiteen for «Jubileumsklar kyrkje?» gjorde seg klar til festgudsteneste, og fekk presseomtale på arbeidet som er gjort for å få kyrkja presentabel til 1000 års markeringa. Steinkjer-Avisa 19. november.</p>
	<p>Sparbu historielag sette opp skilt på 6 turmål i Sparbu: Gløshaugen, Lihøgda, Vestavåttåan, Husmannshalla, Sorgenfri og Sørenghaugen. Skilta hadde SNK laga, og dei fortalte seks ulike historier om Mære. Skilta skal stå til 2031. Steinkjer-Avisa 19. november.</p>
 <p>Figur 22. Formannskapet på besøk i Mære kyrkje. Foto: Steinkjer kommune.</p>	<p>Formannskapet i Steinkjer kommune var på besøk i Mære kyrkje 20. november for å høre om alt som er blitt gjort i samband med 1000 års jubileet, ting som er på gang, og ting som enno ikkje er påstarta.</p>
 <p>Figur 23. Festgudsteneste i Mære kyrkje. Foto: McLein, Anne Lein Kristiansen.</p>	<p>Festgudsteneste i Mære kyrkje 21. november. Med prest og biskop, to kor, korps og solistar, «ny» bispestol frå 1500-talet, ny alterduk og kyrkjekaffi på landbrukskolen med ordførar og jubileumskomite på plass.</p>

## Desember

	<p>I SPOR nr 2/2021, utgitt av NTNU Vitenskapsmuseet, sette redaktør Ellen Grav Ellingsen fokus på Mærejubileet. Nummeret innehold fleire artiklar om Mære, relatert til boka MÆRE 1021–2021. På framsida var det foto av ein av bjelkehovuda som har hengt oppunder taket i Mære kyrkje.</p>
-------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



	<p>Dobel side på kultursidene til Trønder-Avisa den 3. desember om forskningsprosjektet som har pågått sidan 2019 kring Mære. Sju forskarar frå seks ulike kunnskapsinstitusjonar i Trøndelag har gått saman om å skrive boka «MÆRE 1021 – 2021».</p>
	<p>Bokbad i Steinkjer samfunnshus den 7. desember med lansering av boka «MÆRE 1021 – 2021». Redaktør Bodil Østerås, forlag Embla Akademisk.</p>



## 6. Resultat og konklusjon

Eit jubileum, ein logo, ei arbeidsgruppe og 400 000 kr skaper definitivt engasjement. Det er inga undervurdering å seie at Mære-jubileet 2021 på ein eller annan måte har vore synleg for over 30 000 gjestar. Sjølv i eit utfordrande år med smittevern og pandemi er det gjennomført eit årsprogram som vi kan vere stolte av! Vi kan svare opp alle målsettingane som arbeidsgruppa sette seg. I tillegg til at små og store lokalt i Steinkjer har fått større innsikt i kva Mære er, har også folk regionalt og nasjonalt fått augo opp for den historiske plassen.

Det er gjennomført over 20 arrangement fordelt gjennom heile året som har brukt Mære-jubileet og Noreg i tusen år som bakgrunn. 15 tiltak har gått på læring, i hovudsak retta mot barn og unge gjennom DKS eller biblioteket, men også i form av *Mæreseminaret* for vaksne og andre foredrag. To avis-artiklar, fagartiklar i SPOR og ei bok er forskingsbasert. Kyrkja har vore mykje i bruk som kulturarena, og jubileet Mære 2021 har fått minst 7 presseoppslag frå mars til desember i både Trønder-Avisa og Steinkjer-Avisa.

Folkehelseperspektivet har vore med gjennom skilting av toppturar i Sparbu. Jubileumshelga 18. – 19. september og jubileumsgudstenesta 21. november har vore dei største markeringane.

Samarbeid mellom institusjonar, lag og foreiningar samt frivilligheita har prega alle tiltaka. Det er naturleg at eit slikt jubileum blir konsentrert rundt staden der det historisk skjedde, og ein skal ikkje undervurdere krafta i akkurat dette. Likevel hadde vi kanskje håpa at ein større del av regionen skulle bruke Mære-jubileet som ein katalysator til å få spreidd markeringa ut over det heilt lokale.

Samarbeidet med Hundorp gjennom *Noreg i tusen år*, skulle og ha vore utnytta betre, men pandemien arbeidde mot oss. Sjølv om hovudtyngda i markeringa har ligge på Mære kyrkje, er 15 ulike arena brukt til å formidle MÆRE 2021. Alt i alt må vi kunne betrakte 1000 års-jubileet som ein suksess.

På ein Quiz-kveld i Mære samfunnshus i oktober 2021 kom spørsmålet: Kven var det som drap Olve på Mære i 1021? Kanskje visste ikkje alle svaret, men alle visste at dei burde vite det. Det var trass alt eit 1000 års jubileum. Da har vi oppnådd noko.



## 7. Oppsummering i tabell

Dato	Type markering	Ansvarleg	Målgruppe	Besøkande	Kategori
14.01	Kronikk Trønder-Avisa	Ordførar	Regionalt	Potensielt 49 300 lesarar	Forsking
03.03	Presentasjon av Logo i Steinkjer-Avisa	Arbeidsgruppa	Lokalt	Potensielt 8 800 lesarar	Presse
04.03	Presentasjon av jubileumsprogram i Trønder-Avisa	Arbeidsgruppa	Regionalt	49 300	Presse
07.03	Salmekveld i Mære kyrkje	Mållaget Sparbyggjen	Vaksne	40	Arrangement
08.03	Sterke kvinner i Sparbu for 1000 år siden	Sparbu bygdekvinnelag	Nasjonalt	3 100	Digitalt
24.03	Foredrag Mære 2021	Sparbu historielag	Lokalt	50	Læring
Heile mai	Utstilling av treskjærerkunst inspirert av norrøn stil	Steinkjer bibliotek	Alle	100	Læring
06.05	Lesestund med vikingtema	Steinkjer bibliotek	Barn	20	Læring
07.05	Vikingverksted og -quiz	Steinkjer bibliotek	Barn	15	Læring
14.05	Presseoppslug Vikingeverksted, Steinkjer-Avisa	Steinkjer bibliotek	Lokalt	8 800	Presse
19. – 20.06	Olav den heilages saga. Høgtlesing	Bagabu ungdomslag	Alle	200	Arrangement
20.06	Sesongopning Egge museum	Egge museum	Alle	60	Arrangement
20.06	To utstillingar: <i>Fantes det drager i vikingtiden? og Gullgubbane på Mærin</i>	Egge museum	Alle	100	Læring
29.07	I bondehærrens fotspor	SNK	Alle	24	Arrangement
30.07	Sterke kvinner i Sparbu for 1000 år sidan	Olsokprogrammet SNK	Historie-interesserte		Digitalt
Veke 34 og 35	Vikingan på Mære, DKS for 1. trinn	SNK og Egge museum	Barn	300	Læring
Veke 40 og 42	Mære 2021, DKS for 7. trinn	SNK og Egge museum	Barn	300	Læring



14.09	Mæreseminar	Egge museum	Vaksne	50	Læring
15.09	Foredrag Mære 2021	Egge historielag	Lokalt	30	Læring
17.09	Presseoppslag jubileumshelg. Steinkjer-Avisa	Sparbu historielag	Regionalt	8 800	Presse
18.09	Åpen dag Mære landbrukskole	Mære landbrukskole, Sparbu historielag	Alle	2 800	Arrangement
20.09	Anmeldelse Olavs Illgjerning i Trønder- Avisa	Trønder-Avisa	Regionalt	49 300	Presse
27.09	Kronikk i Trønder-Avisa	SNK	Regionalt	49 300	Forsking
28.09	Mæreseminar	Egge museum	Vaksne	40	Læring
30.09	Bokbad med Jan Ove Ekeberg	Steinkjer bibliotek	Vaksne	36	Arrangement
05.10	Foredrag Mære 2021	Henning sanitetslag	Lokalt	40	Læring
08.10	Presse på haustferieprogram i Trønder-Avisa	Steinkjer bibliotek og Egge museum	Regionalt	49 300	Presse
11.– 15.10	Høstferie på biblioteket og Egge museum	Egge museum og biblioteket	Barne- familiar	20	Arrangement
20.– 21.10	Nasjonalt nettverksseminar Nasjonaljubileet – NORGE I TUSEN ÅR på Hundorp	SNK	Nasjonalt	45	Arrangement
26.10	Mæreseminar	Egge museum	Vaksne	20	Læring
Nove- mber	Artikkel i «Kyrkje og samfunn». Nr 2/2021	Steinkjer kyrkjelege fellesråd	Lokalt	Opplag på 11 300	Læring
19.11	Presseoppslag på Jubileumsklar kyrkje. Steinkjer-Avisa	Jubileumsklar kyrkje?	Lokalt	8 800	Presse
19.11	Historiske skilt på topper i Sparbu	Sparbu historielag og SNK	Alle	400 pr år	Læring
19.11	Formannskapet i Mære kyrkje	Jubileumsklar kyrkje?	Steinkjer kommune	16	Læring
21.11	Festgudsteneste	Den norske kykje	Lokalt	200	Arrangement
Dese- mber	Artiklar i «SPOR». Nr 2/2021	Vitenskapsmuseet	Nasjonalt	2000	Forsking
03.12	Presseoppslag på forskning og bok. Trønder-Avisa	Egge museum, Embla Akademisk	Regionalt	49 300	Presse
07.12	Bokbad «MÆRE 1021 – 2021	Egge museum, SNK	Vaksne	60	Arrangement

